



Arkivnr: 2014/543-32

Saksbehandlar: Ronny Skaar, Øivind Rune Bjørkås, Bjørg Larsen

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kultur- og ressursutvalet		

Tilskot til lokale kulturygg 2014

Samandrag

Fylkeskommunen fordeler kvart år tilskot til lokale kulturygg – finansiert full ut av spelemidlar frå Norsk Tipping gjennom desentralisert ordning for tilskot til kulturygg. Ordninga skal bidra til å etablere eigna lokale, bygningar og utearena som gjev rom for ulik kulturell verksemd i Hordaland.

Tilskot kan gjevast til kulturhus, fleirbrukslokale eller spesiallokale for kunst og kultur – som scenekunstlokale, konsertsal eller formidlingslokale for biletkunst. Midlane kan nyttast til nybygg, ombygging og modernisering av kulturygning, men ikkje til vedlikehald eller drift. Bygningane skal i størst mogeleg grad fungera som kulturelle møtestader for alle grupper. Lokala skal vera opne for all lovleg kulturverksemd. Ingen må stengjast ute av religiøse, sosiale eller politiske omsyn.

I kongelig res. av 6. juni vart kr 125 044 230,- av spelemidlane fordelt til kulturføremål desentralisert ordning for kulturygg. Hordaland fylkeskommune vert tildelt kr 9 983 602,- til vidare fordeling til kulturygg – både lokale og regionale. Dette er kr 247 064,- mindre enn tildelt i 2013. Fordeling til fylkeskommunane er basert på nøkkelen som justerer for folketal og areal på fylka, dvs. om lag det same pr innbyggjarar, litt meir til innbyggjarar i grisgrendte fylker. I tillegg kjem inneståande renter med kr 343 448,- og inndregne midlar med kr 18 000,-. Samla beløp til fordeling for lokale kulturygg 2014 er etter dette kr 4 445 050,-

Det vart 22 søknadar å handsame. Nesten alle søknadar oppfyller vilkåra for tildeling av tilskot. Det vert såleis eit spørsmål om å prioritera mellom godkjende prosjekt. I denne vurderinga vert det lagt vesentleg vekt på søknaden sin kvalitet og kommunen si eiga prioritering.

Fylkesrådmannen rår til at midlane vert fordelte i samsvar med oppførte kriteria.

Forslag til vedtak

1.

KOMMUNE	SØKER	ANTALL	KOSTNADSSUM	SØKNADSSUM	TILDELING 2014
Askøy 1	Strusshamn Kultursenter Fargeriet	Fornya 2	kr 5 952 000	kr 1 000 000	kr 500 000
Askøy 2	Herdla Fort Museum	Ny	kr 3 000 000	kr 1 000 000	kr 451 050
Askøy 3	Kleppe bedehus	Ny	kr 9 240 000	kr 1 000 000	
Askøy			18 192 000	3 000 000	951 050
Austevoll 1	Selbjørn skule og flerbruksanlegg	Gjentatt 2	kr 3 073 000	kr 1 000 000	kr 500 000
Austevoll 2	Vinnes aktivitetshus	Gjentatt 6	kr 82 400	kr 55 000	
Austevoll 3	Stolmen barneskule	Fornya 2	kr 690 000	kr 230 000	kr 230 000
Austevoll			3 845 400	1 285 000	730 000
Bergen 1	Format Bergen	Ny	kr 2 195 000	kr 545 000	kr 500 000
Bergen 2	Kulturhuset Sentrum	Ny	kr 530 137	kr 176 712	kr 177 000
Bergen 3	BAS Eiendom	Ny	kr 1 200 000	kr 350 000	kr 350 000
Bergen			3 925 137	1 071 712	1 027 000
Bømlo	Bømlo kulturhus	Gjentatt 9	kr 72 162 000	kr 250 000	kr 250 000
Bømlo			250 000	250 000	
Fjell	Landro samfunnshus A/L	Gjentatt 8	kr 3 100 000	kr 500 000	kr 200 000
Fjell			3 100 000	500 000	200 000
Kvinnherad 1	Høylandsbygd Bedehus	Gjentatt 4	kr 2 490 000	kr 830 000	
Kvinnherad 2	Helgheim ungdomshus	Fornya 3	kr 1 302 697	kr 415 396	kr 415 000
Kvinnherad 3	Kulturhuset Husnes Kvinnherad kulturskole	Fornya 4	kr 58 910 000	kr 1 000 000	
Kvinnherad 4	Kulturhuset Husnes, konsertsal	Ny	kr 4 429 791	kr 1 000 000	
Kvinnherad 5	Kulturhuset Husnes, Kvinnherad ungdomssenter	Ny	kr 1 706 000	kr 570 000	
Kvinnherad			68 838 488	3 815 396	415 000
Meland	Framtun forsamlingshus	Ny	kr 465 669	kr 155 000	kr 155 000
Meland			465 669	155 000	155 000
Os 1	Os Seniorsenter	Ny	kr 1 724 000	kr 575 000	
Os 2	Køvertun Forsamlingslokale	Fornya 2	kr 622 000	kr 207 000	kr 207 000
Os			2 346 000	782 000	207 000
Osterøy	Haus Mjeldalen Ungdomshus	Gjentatt 4	kr 3 012 909	kr 308 000	
Osterøy			3 012 909	308 000	0
Ullensvang	Kinsarvikhallen	Ny	kr 1 297 481	kr 862 011	kr 432 000
Ullensvang			1 297 481	862 011	432 000
Vaksdal	Skutenaustet	Fornya 2	kr 234 000	kr 99 000	kr 78 000
Vaksdal			234 000	99 000	78 000
Totalt			177 419 084	12 128 119	4 445 050

2. Kultur- og ressursutvalet sitt vedtak av om avslag på Kvinnherad sine søknadar om tilskot til lokale kulturygg frå 13.11.2012 vert oppretthalde.

Johnny Stiansen
fung fylkesrådmann

Anne Aune
fung fylkesdirektør kultur og idrett

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Fylkesrådmannen, 16.07.2014

Bakgrunn

Saka gjeld fordeling av tilskot for 2014 under fylkeskommunen si ordning for tilskot til lokale kulturhus, finansiert fullt ut av spelemidlar frå Norsk tipping gjennom desentralisert ordning for tilskot til kulturbygg. For 2014 er det kome inn 22 søknadar. Alle søknadar fyllar krava til realitetshandsaming.

Om ordninga

Ordninga skal bidra til å etablere eigna lokale, bygningar og utearena som gjev rom for ulik kulturell verksamhet i Hordaland. Tilskot kan gjevest til kulturhus, fleirbrukslokale eller spesiallokale for kunst og kultur, som scenekunstlokale, konsertsal eller formidlingslokale for biletkunst. Midlane kan nyttast til nybygg, ombygging og modernisering av kulturbygning, men ikkje til vedlikehald eller drift.

Fylkeskommunen har det samla forvaltningsansvaret for spelemidlar til kulturbygg gjennom den desentraliserte ordninga for kulturbygg. I tillegg til ordninga med tilskot til lokale kulturbygg, har Hordaland fylkeskommune frå 2012 oppretta ei tilskotsordning for kulturbygg med regionale funksjonar. Denne ordninga vert finansiert av fylkeskommunale midlar saman med spelemidlar tildelt gjennom desentralisert ordning for kulturbygg.

I kongelig res. av 6. juni vert kr 125 044 230,- av spelemidlane fordelt til kulturføremål desentralisert ordning for kulturbygg. Hordaland fylkeskommune vert tildelt kr 9 983 602,- til vidare fordeling til kulturbygg – både lokale og regionale. Dette er kr 247 064,- mindre enn tildelt i 2013. Fordeling til fylkeskommunane er basert på nøkkel som justerer litt for folketal og areal på fylka, dvs. omrent det same pr innbyggjar, litt meir til innbyggjarar i grisgrendte fylker.

Fylkesrådmannen tilrår at det vert tildelt kr 4 083 602,- til lokale kulturbygg. Kvart år vert rammetilskotet sett inn på ein renteberande konto for vidare utbetaling. For 2014 står det til disposisjon kr 343 448,- i rentemidlar. I 2013 vart det inndrege midlar for kr 18 000,-. Samla beløp til fordeling for lokale kulturbygg 2014 er etter dette **kr 4 445 050,-**

Vilkår

Lokala må vere planlagd ut frå definerte behov og bør vere fleksible. Kulturbygg bør lokalisera sentralt i lokalsamfunnet eller regionen. Bygningane skal i størst mogleg grad fungere som kulturelle møtestader for alle grupper. Lokala skal vere opne for all lovleg kulturverksemd. Ingen må stengast ute av religiøse, sosiale eller politiske omsyn.

Følgjande kriteria vert lagt til grunn for fordeling av spelemidlar til lokale kulturbygg i Hordaland:

- kommunal prioritering
- kvalitet på søknad
- tidspunkt for første gong det er søkt om kulturhusmidlar
- søknadsmasse frå dei einskilde kommunane i Hordaland
- innbyggjartal i kommunane
- maksimal tildeling per år til kvart einskild prosjekt er kr 500 000,-
- samla tilskot er avgrensa til kr 1 000 000,-
- søknader som får tildeling inneverande år på delar av godkjend søknadssum, får ikkje automatisk dekka restbeløpet dei påfølgjande året.

Vurdering:

Nesten alle søknadar oppfyller vilkåra for tildeling av tilskot. Det vert såleis eit spørsmål om å prioritera mellom kvalifiserte prosjekt. I denne vurderinga vert det lagt vesentleg vekt på søknaden sin kvalitet og kommunen si eiga prioritering. Ved fordelinga i 2014 har Fylkesrådmannen elles funnet det naudsynt å prioritera søknadar frå pågående prosjekt som har fått tildelt midlar føregåande år (gjentatt søknad). Fylkesrådmannen har og lagt vekt på omsynet til rettvis geografisk fordeling og om det er søkt tidlegare utan at tilsegn vart gitt (fornya søknad). Det er og tatt omsyn til kva tilsvarande prosjekt har fått tildelt.

1. Askøy kommune – Strusshamn Kultursenter Fargeriet
2. Askøy kommune – Herdla Fort Museum
3. Askøy kommune – Kleppe bedehus
4. Austevoll kommune - Selbjørn skule og fleirbruksanlegg, kulturdel
5. Austevoll kommune - Vinnes aktivitetshus
6. Austevoll kommune - Stolmen allaktivitetssenter
7. Bergen kommune – Format Bergen
8. Bergen kommune - Kulturhuset Sentrum
9. Bergen kommune – Bergen Arkitekthøyskole Eiendom
10. Bømlo kommune – Bømlo kulturhus
11. Fjell kommune - Landro Samfunnshus
12. Kvinnherad kommune - Høylandsbygd bedehus
13. Kvinnherad kommune - Uskedal ungdomslag
14. Kvinnherad kommune – Kulturhuset Husnes, Kvinnherad Kulturskole
15. Kvinnherad kommune – Kulturhuset Husnes, Kvinnherad ungdomssenter
16. Kvinnherad kommune – Kulturhuset Husnes, konsertsal
17. Meland kommune – Framtun forsamlingshus
18. Os kommune - Kløvertun Forsamlingslokale
19. Os kommune – Os Seniorsenter
20. Osterøy kommune - Mjeldalen Ungdomshus
21. Ullensvang herad – Kinsarvikhallen kulturdel
22. Vaksdal kommune - Skutenaustet på Kvamsholmen

Fordeling:

1. Askøy kommune – Strusshamn Kultursenter Fargeriet

Askøy kommune søker om tilskot på kr 1 000 000,- til oppgradering av bygget. Kostnadssum på kr 5 952 000,-.

Fargeriet er ein fleirbruks kulturarena som vil tilrettelegge til konserter, fortrinnsvis for rytmisk musikk, ulike typar framføringer, kurs og konferansebruk, til marknad for lokale varer og til støttefunksjonar for større arrangement i Strusshamn.

Vurdering: Askøy kommune har dette som sin 1. prioritet. Fylkesrådmannen støttar dette.

Tilråding: kr 500 000,-

2. Askøy kommune – Herdla Fort Museum

Askøy kommune søker om tilskot på kr 1 000 000,- til oppgradering av bygget. Kostnadssum på kr 3 000 000,-.

Museum Vest skal endre lokaliseringa frå Herdlevågen (dagens museum) til Herdla Fort i det nye signalbygget vist i planen «Opp i lyset». Samtidig skal dagens GUL16 (hangaren med Foker Wolf) innlemmast /omarbeidast slik at det blir en del av det nye bygget. Planen med det nye bygget er å lage et servicesenter/formidlingscenter på Herdla Fort som har både regional og lokal verdi. Dette vert eit nøkternt bygg som skal romme museets utstillingar, kafe/vrimleareal, friluftshus/ informasjonssenter/varmestue.

Vurdering: Prioritert som nr 2 av Askøy kommune. Fylkesrådmannen tilrår støtte til dette tiltak

Tilråding: kr 451 050,-

3. Askøy kommune – Kleppe bedehus

Kleppe bedehus søker om tilskot på kr 1 000 000,- til oppgradering. Kostnadssum på kr 9 240 000,-. Framtidas bygg vil få kafeteria + møterom, øvingsrom og scene med plass til 350. Det vert ei kulturell møteplass for kunst/musikk. Dei skal leggje vekt på lyd/billedanlegg og akustikk.

Vurdering: Askøy kommune har dette som sin 3. prioritet. Fylkesrådmannen finn difor ikkje midlar ved denne tildeling

Tilråding: Avslag

4. Austevoll kommune – Selbjørn skule og fleirbruksanlegg, kulturdel

Austevoll kommune søker om tilskot på kr 500 000,- til ombygging av gymnastikksal til kultursal.

Kostnad kr 3 073 000,-

Eksisterande gymnastikksal skal byggjast om til kultursal og vera ein del av den totale kulturdelen i anlegg. Bekkjarvik har utvikla seg til å verte rik på kulturarrangement – frå kystsogehelger, store sommarkonserter, intimkonserter og lokale aktørar som framfører både teater, song og revy. Fekk tilskot med kr 500 000,- i 2013.

Vurdering: Prioritert som nr 1 av Austevoll kommune. Bekkjarvik saknar ein eigen kultursal til større arrangement innandørs, både til kultur og underholdning, og til større konferansar for næringsliv og liknande. Fylkesrådmannen tilrår dette med maks total tildeling.

Tilråding: kr 500 000,-

5. Austevoll kommune – Vinnes Aktivitetshus

Vinnesvåg velforening søker om tilskot på kr 55 000,- til utbetring av bygningar. Kostnadssum på kr 82 000,-.

Midlane skal gå til skifte av diverse kledning og nye utelamper. Har i 2010, 2011 og 2012 fått tildelt totalt kr 266 000,-.

Vurdering: Prioritert som nr 2 av kommunen. Tilskot er inntil 1/3 av godkjende prosjektkostnader for kulturbygg, såleis er det søkt om for høgt tilskot. Fylkesrådmannen tilrår avslag på denne søknad

Tilråding: Avslag

6. Austevoll kommune – Stolmen Allaktivitetssenter

Stolmen Vel søker om tilskot på kr 230 000,- til ombygging av barneskule til ope allaktivitetssenter.

Kostnadssum på kr 690 000,-.

Stolmen skule som er eit ope anlegg med kulturaktivitetar, helsebasseng, treningsrom og utleigeeiningar.

Stolmen Vel har no gåande eit rehabiliteringsprogram som skal ruste opp bygget og resultere i reduksjon av energibruken i bygget på 30%. Bygningsmassen er nedslitt og treng mykje reparasjonsarbeida i anlegget. Sikkerhet og energisparing er tungt vektlagt i arbeidet.

Vurdering: Prioritert som nr 3 av Austevoll kommune. Fylkesrådmannen tilrår støtte til ombygging til ope allaktivitetssenter.

Tilråding: kr 230 000,-

7. Bergen kommune – Format Bergen

Format Bergen søker om tilskot på kr 545 000,- til oppgradering av lokala i anlegg 5707.

Kostnadssum på kr 2 195 000,-.

Format Bergen ynskjer å endre dagens romprogram. Dagens salslokale vert gjort om til reindyrka visningsrom og sal/formidling flyttast til lokala som i dag nyttast til utstilling

Vurdering: Prioritert som nr 1 av kommunen. Fylkesrådmannen tilrår støtte av den grunn.

Tilråding: kr 500 000,-

8. Bergen kommune – Kulturhuset Sentrum

Kulturhuset Sentrum søker om tilskot på kr 176 712,- til trappeheis og rehabilitering av vinduer.

Kostnadssum på kr 530 137,- .

Kulturhuset Sentrum i Arna er eit av dei største privateide kulturhus i landet. Det er ein samlingsstad for møter, konserter, teaterframstykkingar, fester, kafe, bibliotek, kurs, idrettslokale, kontorar. Alt dette som kan bidra til å fremme den kulturelle vekst i Arna og omegn.

Vurdering: Prioritet som nr 2 av Bergen kommune. Fylkesrådmannen ynskjer å støtte det vidare arbeidet med å utvikle Kulturhuset og gjere det meir tilgjengeleg for alle.

Tilråding: kr 177 000,-

9. Bergen kommune – Bergen Arkitekthøyskole BAS Eiendom

BAS Eiendom søker om tilskot på kr 350 000,- til rullestolheis, rømningsveg, elektrisk anlegg. Kostnadssum på kr 1 200 000,-

Dei ynskjer å tilrettelegge spesiallokale for kunst og kultur, eit fleirbrukslokale for scenekunst, konserter, produksjonar, formidling og utstillingar. Silokjelleren ved BAS er et potensielt unikt visningsrom for kunst med ekstraordinære arkitektoniske og akustiske kvaliteter som ikkje har sitt sidestykke i regionen. Det er eit rått industrilokale med kraftige betongsøyler og høye silokammer som gir en lang etterklangstid. BAS ynskjer at Silokjelleren skal verte ein regional tverrfagleg arena for rombasert kunstnerisk nytenking, med spesiell vekt på arkitektur, romsinstallasjon, lyd- og lys-kunst samt interaksjon mellom disse. Funksjon er å bidra til relasjonar på tvers av ulike fagområdar mellom institusjonar, kunstnarar og kunstragrupper. BAS

søkjar midlar for å leggje til rette med rullestolheis og rømmingsveg, samt leggja til rette brukbarheten for elektrisitet og lyd.

Vurdering: Prioritet som nr 3 av Bergen kommune. Fylkesrådmannentilrår at Bergen kommune får tilskot til sine 3 søknadar

Tilråding: kr 350 000,-

10. Børnlo kommune – Børnlo kulturhus

Børnlo kommune søker om tilskot på kr 250 000,- til bygging av kulturhus. Kostnadssum på kr 72 162 000,- Kulturhuset er ferdig og tatt i bruk

Vurdering: Har fått tildelt totalt kr 750 000,- i 2007 og 2012. Fylkesrådmann tilrår tilskot til maks grensa på dette kulturhus.

Tilråding: kr 250 000,-

11. Fjell kommune – Landro Samfunnshus

Samfunnshuset AL Landro søker om tilskot på kr 500 000,- til rehabilitering av Landro Samfunnshus.

Kostnadssum på kr 3 100 000,-

Landro Samfunnshus vert drive av 6 velforeiningar. Dei ynskjer å rehabiliterere Samfunnshuset for å starte opp med barne- og ungdomsaktiviteter. Landro Samfunnshus brukast pr i dag av en sykkel-klubb, og lokale band har det som øvingslokale. Leies ut til sosiale arrangement

Vurdering: Priorert av kommunen. Har fått tildelt kr 500 000,- i 2012 og 2013. Fylkesmann tilrår støtte med kr 200 000,- som siste tilskot til dette prosjekt

Tilråding: kr 200 000,-

12. Kvinnherad kommune – Høylandsbygd Bedehus

Interesseforeningen Høylandsbygd bedehus søker om tilskot på kr 830 000,- til rehabilitering av Høylandsbygd Bedehus. Kostnadssum på kr 2 490 000,-

Huset er ferdig rehabiliterert. Bygget nyttas til dei fleste formål i i Høylandsbygd og på Halsnøy – både som festlokale og uteleielokale. Bygget brukast til helgeleirar for born og unge, kafe for eldre, ungdomskveldar for yngre, allsongkveldar for alle og private møtar. Høylandsbygd Bedehus fekk tildelt kr 452 000,- av ein søknad på kr 830 000,- i 2013

Vurdering: Dette er prioritert som nr 1 av Kvinnherad kommune. Fylkesrådmann tilrår ikkje meir i støtte enn allereie tildelt til dette prosjekt. Dette i forhold til kva andre har fått i tilskot til svarande prosjekt.

Tilråding: Avslag

Saka vidare gjeld handsaming av klagesak frå 2012.

Saka gjeld handsaming av klager over Kultur- og ressursutvalet sitt vedtak om fordeling av statlege spelemidlar til lokale kulturygg på møte den 13.11.2012

I brev av 17.01.2013 klager Kvinnherad kommune på vedtak om avslag på søknad om lokale kulturygg. Klage er rettidig og kan realitetshandsamast. Klagesakene er handsama i samsvar med forvaltningslova kap VI, og vert lagt fram for vurdering av eventuell omgjering jfr. forvaltningslova § 33, 2. ledd. Dersom sakene ikkje vert omgjort i kultur- og ressursutvalet vert desse oversendt jfr. forvaltningslova § 33, 4. ledd jfr. forvaltningslova § 28, 2.ledd.

For 2012 var det sett av kr 728.000,- til fordeling. Samla kostnad for tiltaka var kr 27.695.000, med samla søkjebeløp på kr 9.660.000. Det vart mottatt 55 søknader og gjort framlegg om at 20 av søkerane får tilskot. Tildeling av midlar frå vert gjort ut ifrå eit fagleg skjønn knytt til vedtekne kriteria. Ingen av klagarane har koment fram med nye opplysningar eller synspunkt som gjer grunn til å gjera om på vedtaket.

Klagar søkte om spelemidlar til kulturygg i 2012 for følgjande anlegg:

1. Interesseforeninge Høylandsbygd bedehus – Høylandsbygd bedehus
2. Uskedal ungdomslag – Helgheim ungdomshus
3. Kvinnherad kommune – Kvinnherad kulturhus

Samlede søknadar vart avslått.

Det ligg føre tre søknadar frå Kvinnherad, utan at det er funne rom for nokon av desse ved dette høvet. To av søknadane er nye, medan ein er fornya. Kommunen har ikkje prioritert den fornya søknaden høgast.

I klagen vart det peikt på at Hordaland fylkeskommune har lagt til grunn feil faktum.

1. For Høylandsbygd bedehus låg det føre fornya søknad (søkt for 3 gang.), medan det i vedtaket vart lagt til grunn at denne var ei ny søknad.
2. For Helgheim ungdomslagshus låg det føre fornya søknad (søkt for 2 gang), medan det i vedtaket er lagt til grunn at søker ikkje hadde angitt noko om søknaden si status.
3. For Kvinnherad kulturhus vart det levert fornya søknad (søkt for 2 gang), medan det i vedtaket vart lagt til grunn at det låg føre ny søknad.

Søknad nummer 1 Høylandsbygd bedehus vart gitt første prioritet frå kommunen si side.

Vurdering

I framlegg til sak om fordeling av 06.11.2012 vart det gjort reie for kva omsyn som vart lagt til grunn for fordelinga:

Eg vil understreke at det her vert fordelt statlege midlar til kommunale kulturhus og at det difor vert lagt særleg stor vekt på kommunane si eiga prioritering. Der det er tale om fleire søknadar frå same kommune vert det difor lagt stor vekt på om søknad er prioritert som nummer ein eller to. Eg har også funne det naudsynt å prioritere søknadar frå pågåande prosjekt som har fått tildelt midlar føregåande år (gjentatt søknad). Med dette som utgangspunkt har eg søkt å sikre rettvis geografisk fordeling og sett hen til om det er søkt tidlegare utan at tilsegn vart gitt(fornya søknad).

Søkjer si framstilling av de faktiske tilhøva er korrekt. Søkar hadde prioritert Høylandsbygd bedehus, og søknaden var ikkje ny, men fornya for tredje gang (to av søknadane vart formelt godkjent). Også for Helgheim ungdomslagshus og Kvinnherad er det søkt for annan gang. Kvinnherad kommune var den einaste kommunen som ikkje vart tildelt tilskot ved fordelinga i 2012. Dersom rett faktum hadde vore lagt til grunn ville det - i lys av den praksis som vart fylgd - vore tildelt midlar til den søknaden som var prioritert høgast, i dette tilfellet Høylandsbygd bedehus. Motsett konklusjon ville etter fylkesrådmannen si vurdering fort kunne sjåast som usakleg forskjellshandsaming og med det stride mot ulovfesta krav til skjønsutøving.

Kvinnherad kommune søkte på ny i 2013 og fekk då tildelt kr. 452.000 til Høylandsbygd bedehus. Tildelinga var ikkje knytt til klaga over vedtak. Avslaget for 2012 vart heller ikkje tatt med i grunngjevinga for tildelinga. Samstundes er det grunn til å hevda at tildelinga for 2013 i realiteten omfatta same føremål og at den utmålte summen er lik den summen søker kunne forventa dersom saka hadde vore rett handsama i 2012. Det er grunn til å beklage både den opphavlege feilen og den etterfølgjande handsaminga av klagesaka. Etter tilhøva vil konsekvensen av å etterkome klagen og yta tilskott for 2012 reelt medføre at søker får tidlet meir til føremålet enn det som – i lys av praksis – burde vore gitt. Fylkesrådmannen finn etter dette ikkje grunnlag for å etterkome klaga.

Tilråding: Avslag

13. Kvinnherad kommune – Helgheim Ungdomshus

Uskedal Ungdomslag søker om tilskot på kr 415 000,- til rehabilitering av Helgheim Ungdomshus. Kostnadssum på kr 1 302 697 000,-.

Det elektriske anlegget må moderniserast, og huset treng nytt kjøkken. Ungdomshuset brukast til utleige, korøvingar, tiltak for barn og unge, utleige til organisasjonar for møteverksemr og kulturelle tiltak.

Vurdering: Prioritert som nr 2 av Kvinnherad kommune. Dette er eitt allsidig ungdomshus som treng modernisering. Fylkesrådmann tilrår å støtte dette.

Tilråding: kr 415 000,-

14. Kvinnherad kommune – Kvinnherad Kulturskolesenter

Kvinnherad kommune søker om tilskot på kr 1 000 000,- til Kvinnherad Kulturskolesenter.

Kostnadssum på kr 58 109 000,-

Kvinnherad Kulturskolesenter vart ferdig i 2013. Dei satsar på kulturelle undervisningstilbod. Det er skreddarsydd for undervisning og framføring av musikk, song, dans, teater og visuelle kunst.

Vurdering: Prioritert som nr 3 av Kvinnherad kommune. Fylkesrådmann viser til avslag på same sak i 2013: «Hordaland fylkeskommune har hittil gjeve tilslagn totalt på kr 21 000 000,-. Fylkesrådmannen tilrår ikkje meit tilskot.» Fylkesrådmannen tilrår å oppretthalde dette.

Tilråding: Avslag

15. Kvinnherad kommune – Kulturhuset Husnes, Kvinnherad ungdomssenter

Kvinnherad kommune søker om tilskot på kr 1 000 000,- til rehabilitering av ungdomssenter. Kostnadssum på kr 4 429 791 000,-.

Kvinnherad ungdomssenter er eit kommunalt drifta ungdomssenter i eigne lokalar i kjellaren på Kulturhuset Husnes. Ungdommar skal sjølv få utforme senteret og driva med aktivitetar dei sjølv ynskjer. Lokale er gamle og slitte med dårlig inneklima og lite tilrettelagt. Rehabiliteringa består i å byggja og innreia dei nye lokale og renovera og oppgradera eksisterande lokale. Det vert mogleg å leiga ut lokale til andre lag og organisasjonar i tidsromme då ungdomssenteret ikkje er ope.

Vurdering: Prioritert som nr 4 fra Kvinnherad kommune, Fylkesrådmannen tilrår avslag.

Tilråding: Avslag

16. Kvinnherad kommune – Kulturhuset Husnes, konsertsal

Kvinnherad kommune søker om tilskot på kr 570 000,- til nye stolar. Kostnadssum på kr 1 706 000,-.

Kulturhuset Husnes er det største og mest brukte kulturhuset i Kvinnherad. Stolane er frå 1978.

Vurdering: Prioritert som nr 5 av Kvinnherad kommune. Fylkesrådmann visar til avslag på søknad om same tiltak på kulturbygg med regionale funksjonar i 2013. «Kulturhuset Husnes fekk tilskot med kr 250 000,- i 2012 til nye kinostolar.

Fylkesrådmannen finn ikkje rom til ytterlegare tilskot.» Fylkesrådmannen tilrår å oppretthalde dette.

Tilråding: Avslag

17. Meland kommune – Framtun forsamlingshus

Framtun forsamlingshus søker om tilskot på kr 155 000,- til modernisering av kjøkken. Kostnadssum på kr 465 669,-.

Forsamlingshuset treng modernisering av kjøkken for å oppretthalde aktivitet med leikarring, fritidsklubb, kafe, lokalkino og konserter.

Vurdering: Ungdomslaget Framsteg hadde 100 års jubileum i 2013. Fylkesrådmann tilrår å støtte Ungdomshuset Framtun

Tilråding: kr 155 000,-

18. Os kommune – Kløvertun forsamlingslokale

Os sanitetsforening søker om tilskot på kr 207 000,- til rehabilitering av tak på Kløvertun forsamlingslokale. Kostnadssum på kr 622 000,-.

Kløvertun er eit populært samlingslokale, og vert leid ut til minnesamvær, bryllaup, bursdagar og andre samankomstar. I tillegg finn ein både fysio- og aromaterapi i forretningsdelen av huset. Eit husvære i andre høgda gir også faste inntekter. Huset vert drive med overskot, som sanitetsforeininga gjer vidare til andre frivillige lag og organisasjonar i bygda.

Vurdering: Prioritert som nr 1 av kommunen. Fylkesrådmann finn å støtte tiltaket

Tilråding: kr 207 000,-

19. Os kommune – Os Seniorsenter

Os kommune søker om tilskot på kr 575 000,- til påbygg salong/heis. Kostnadssum på kr 1 724 000,-.

Os Seniorsenter skal ha påbygg som inneheld salong og heis. Formål å samle pensjonistar og andre til daglege samkommer og skaffe lokalar til ymse aktiviteter og tiltak som drivast av eldre og for eldre.

Vurdering: Prioritert som nr 2 av kommunen. Etter føresegner for lokale kulturbygg skal lokale være opne for alle. Fylkesrådmann finn ikkje å støtte tiltaket.

Tilråding: Avslag

20. Osterøy kommune – Mjeldalen Ungdomshus

Mjeldalen Ungdomslag søker om tilskot på kr 308 000,- til tilbygg av Mjeldalen Ungdomshus. Kostnadssum på kr 3 013 000,-.

Mjeldalen Ungdomslag er eit svært aktivt ungdomslag. Hovudfokus er å tilrettelegge for aktive barne- og ungdomsaktivitetar (dans, teater og hobby). I tillegg har laget eit aktivt vaksenteater og seniorlag. Utover dette har laget toradar, scrapping, ola-bil bygging, ulike arrangement, kurs, m.m. Søkjer støtte til tilbygg grunna stor aktivitet. Med dette utviklar ein ungdomshuset tidsriktig, og gjer det langt meir brukarvennlig som kulturarena og generasjonsmøtestad, meir brukarvennlig og aktivitetsskapande ungdomshus for både aktivitetar, arrangement, utleige og ikkje minst for lokalsamfunnet. Tilbygget skal brukast til universell tilkomst og sminkerom for teater.

Vurdering: Har fått tildelt totalt kr 692 000,- i 2012 og 2013. Fylkesrådmann tilrår ikkje meir støtte til dette tiltak, da det er mange søkjrarar.

Tilråding: Avslag

21. Ullensvang herad – Kinsarvikhallen kulturdel

Ullensvang herad søker om tilskot på kr 862 000,- til «grendahus» i underetasje på Kinsarvikhallen. Kostnadssum på kr 1 297 000,-.

Kinsarvik manglar eit lokalt samfunnshus. Gjennom ein fleirbrukshall med eige kjøkken og mobil scene vert det lagt til rette for eit kulturbrygg som vil koma heile heradet til gode, spesielt lokale lag og organisasjonar.

Vurdering: Maks tilskot er 1/3 av totale kostnadar. Fylkesrådmann tilrår støtte i høve dette.

Tilråding: kr 432 000,-

22. Vaksdal kommune – Skutenaustet på Kvamsholmen

Skutefolket Brørvikskuto søker om tilskot på kr 99 000,- til vinterlagring av Brørvikskuta. Kostnadssum på kr 234 000,-.

Skutenaustet brukast til undervisning og formidling, samstundes som det vert nyitta til vinterlagring for Brørvikskuto

Vurdering: Maks tilskot er 1/3 av totale kostnadar. Bygget treng modernisering for undervisning og formidling. Fylkesrådmann støttar dette tiltak

Tilråding: kr 78 000,-